

Saksnr.	200800738	Dato	1.9.08
Kode	KI-501	Beh.	

FRØYLAND OG ORSTAD SOKNERÅD
Postboks 43
4355 KVERNALAND

Dato 29.08.08

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Høringsuttale til innstillinga om "Styrka demokrati i Den norske kyrkje"

Soknerådet i Frøyland og Orstad Sogn vil med dette gi ein uttale til innstillinga "Styrka demokrati i Den norske kyrkja".

Soknerådet gjer merksam på at denne uttalen ikkje er handsama som eigen sak i soknerådet då førespurnaden om å kome med ein uttale først vart motteken 19/8 og det er ikkje fastsett noko møte i perioden fram til høringsfristen. Vidare er saka krevjande og bearbeidinga av innstillinga må, i samsvar med måten arbeidet vert drive på, gjerast på frivillig basis.


Soknerådet meiner difor at det er eit stort tankekors at ei slik innstilling som diskuterer prinsippa for auka demokrati i kyrkja ikkje kan handsamast av dei demokratiske organa i kyrkja. Soknerådet forstår at dette er gjort for at forslaga som innstillinga har, skal kunne setjast i verk alt ved valet hausten 2009, men meiner likevel at dette formålet ikkje er godt nok grunnlag for denne framgangsmåten.

Soknerådet observerer vidare at innstillinga i svært liten grad diskuterer formålet med innstillinga opp mot kva kyrkjelova definerer som formål og ansvar, i alle fall for arbeidet på lokal-planet. Det synes som at mandatet som er gitt arbeidsgruppa meiner at styrka demokrati har ein eigenverdi som er eit gode uavhengig av overordna formål og ansvar. Soknerådet seier seg ueinig i dette og meiner at innstillinga som er gitt, manglar nødvendig forankring i dei oppgåvene som ligg på kyrkja i lokalmiljøet.

Soknerådet ser også at det vert vist til nokre av dei forsøka som er gjort knytta til val og valordning. Det synes imidlertid som at desse forsøka ikkje blir systematisk vurdert og at det heller ikkje er klare erfaringar å trekke av desse.

Soknerådet i Frøyland og Orstad sogn meiner derfor at departementet ikkje bør gjennomføre nye endringar ved valet i 2009 men få gjennomført analyser av dei forsøka som er gjort og som gjerne kan vidareførast også for 2009. I desse analysane er det viktig å vurdere resultatet opp mot formål og ansvar slik som kyrkjelova formulerer dette. Dersom det då skulle vise seg at det er lite samanheng mellom tiltak og resultat, er det ein klar indikasjon om at desse tiltaka ikkje støtter opp under det som er kyrkja sitt ansvar.

Frøyland og Orstad sokneråd


Asbjørn Ueland, leiar